

ARBEIDSPROGRAM FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

2013-2014

Arbeidsprogrammet for Bergen ungdomslag Ervingen vert vedteke for to år i gongen. Status for arbeidet med arbeidsprogrammet skal leggst fram for årsmøte halvvegs i perioden. Dei fleste av dei vanlege aktivitetane i laget er det særlega som står for, rammene for dette finn ein styringsføresegnene. Utanom den faste aktiviteten i laget vil styret særleg fokusera på dei punkta som kjem fram i arbeidsprogrammet. Nokre av punkta er vidareføringar frå arbeidsprogrammet for førre periode, medan andre er konkrete mål styret vil jobba fram mot i den neste toårsperioden.

TILTAK	NOTATAR / DETALJPLANAR
A. Laget og medlemmane	
Auka fokuset på born og unge i laget	Det har vore hytteturar og kurs for unge i både spel og dans, til dømes dansekurs på Fridalen skule for 450 elevar og lærarar. Det har vore familiedansar i laget samt dei vanlege lagsmøta der alle kan delta . Aktiviteten har vore god i Audhilds og juniorspelemannslaget. Det er minst rekruttering til barnelaget.
Arbeida for å gjera det attraktivt og interessant å vera tillitsvald i laget	Styret har utarbeidd eit nytt framlegg til styreform som ein trur skal gjera det enklare å vera tillitsvald. Ein håpar at omorganiseringen skal gjera at det er tydlegare kva forventingar og arbeidsoppgåver dei tillitsvalde skal ha. Medlem i styret har vore på møte med andre lag og organisasjonar. Det har vore lagt ned eit arbeid for å få økonomien på rett kjøp på lang sikt, og det har vore møte med Fond- og Eigendomsstyret, Rådet og Gimle 2015 for å gjera arbeidsoppgåvene lettare. Det har vore leiarmøte for nemnds leiarane to gongar i året.
Vidareutvikla heimesida til laget	Styret har laga nye nettsider til laget, samt hatt kurs for tillitsvalde.
B. Samarbeid og integrering	

<p>Arbeida for å vera ein open og inkluderande organisasjon</p>	<p><u>Integreringsprosjekt</u> Laget har i 2014 hatt eit større samarbeidsprosjekt med Bergen internasjonale Kultursenter og Rothaugen skole.</p> <p><u>Kultur på tvers</u> Laget saman med andre organisasjonar med på å arrangera ein dag med kurs i nasjonal og internasjonal dans, mat og handarbeid i Gimle hausten 2013. Samarbeidet var eit initiativ frå Voksenopplæringsforbundet i Hordaland.</p> <p>Styret har på samråingsmøter med særslag drøfta rekruttering og inkludering i organisasjonen.</p>
<p>Samarbeida tettare med andre lag og organisasjonar i Bergensområdet</p>	<p>Laget har i perioden laga tilskipingar saman med nye og gamle samarbeidspartnarar.</p> <p><u>Dans</u> Samarbeid med Columbi egg om folkemusikkfesten og samarbeid med Bygdedanslaget i Bjørgvin og Osafestivalen om dansekurs, samarbeid med Bergen internasjonale kultursenter om integreringsprosjekt, samarbeid med Bergen Filharmoniske orkester i Peer Gynt oppsetjing på Torgalmenningen og samarbeid med Bergen Dansesenter om dansens dag.</p> <p><u>Kor</u> Kor e' tonen hadde våren 2013 ein konsertserie saman med Osterøykoret og Seim Songlag. Koret hadde i 2014 julekonsert saman med koret Konsonans.</p> <p><u>Målsaka</u> Samarbeid med Bergen Mållag om lagsmøte med Ivar Aasen som tema.</p> <p>I tillegg har laget samarbeidet med Voksenopplæringsforbundet og ei rekke andre organisasjonar om arrangementet <i>Kultur på tvers</i> og samarbeid med Bergen Kulturskole om Juniorspellmannslaget.</p>

<p>Markera Språkåret 2013, Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014</p>	<p><u>Språkåret 2013</u> Språkåret vart markert med lagsmøte om stadnamn i Bergen og lagsmøte om Ivar Aasen hausten 2013. Barnelaget og ungdomsringen deltok på Eventyrstafetten i regi av Barne- og ungdomsrådet i NU. Språk var også tema for Kven Veit i 2013.</p> <p><u>Stemmerettsjubileet 2013</u> Stemmerettsjubileet blei markert med lagsmøte om Hulda Garborg våren 2014.</p> <p><u>Grunnlovsjubileet 2014</u> Grunnlovsjubileet blei markert med lagsmøte om Hulda Garborg våren 2014 og lagsmøte med Are Kalvø om ein ny grunnlov hausten 2014. Grunnlovsjubileet var også tema for Kven Veit i 2014. Laget deltok med dans på jubileumsarrangementet på Torgallmenningen 17.mai.</p> <p>I tillegg har laget markert Prøysenåret 2014 med songar av Prøysen i forskjellige særlag og ein dansekveld med Prøysen som tema våren 2014.</p>
<p>C. Lagshus</p>	
<p>Utvikla langsiktige planar for lagshusa Fensal og Gimle</p>	<p>Styret har følgd opp prosjektet Gimle 2015, som går på oppgradering av Gimle. Dei vart etter kvart danna ei prosjektgruppe slik at vi kunne koma med innspel frå brukarsida.</p> <p>Etter drøftingar med koret og teaterlaget, og dels folkedanslaget, kom vi fram til ei lengre liste med ynskje. Desse er formidla til Ervingen Lansbruk AS, og til Fond- og eigedomstyret. Ein har så langt ikkje teke stilling til kva som høyrer inn under Gimle 2015, og kva laget må kjøpa inn sjølv.</p> <p>Vi har elles sett i gong med å rydda i kjellaren i Fensal, og jobbar med å få overført arkivmateriale til Bergen byarkiv.</p>